



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Mads Munkejord, 5557 2383

Vår dato  
27.09.2016  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2016/12452  
Dykkar referanse  
«REF»

Kommunane i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune  
Vest politidistrikt  
Sør-vest politidistrikt  
Hordaland sivilforsvarsdistrikt  
Bergenhus heimevernsdistrikt 09 (HV-09)  
Haakonsvern orlogsstasjon  
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap  
Statens strålevern  
Hordaland Røde Kors  
Sotra brannvern  
Avinor

### Invitasjon til fagsamling beredskap på Voss 27. og 28. oktober 2016

Fylkesmannen i Hordaland har igjen gleden av å invitere til fagsamling for beredskaps-kontaktar i kommunane og andre som arbeider med samfunnstryggleiks- og beredskapsrelaterte oppgåver i fylket.

Samlinga finn stad på Fleischer's Hotel på Voss den 27. og 28. oktober 2016.

I år er følgjande tema på dagsorden:

- læringspunkt etter helikopterulykka ved Turøy
- atomberedskap
- beredskapsprisen
- innføring i relevante risikostandardar og risiko- og beredskapsanalyse

Program for samlinga er lagt ved invitasjonen (med atterhald om endringar).

Vi håper på god deltaking frå kommunane og legg til at samlinga òg vil vere relevant for andre enn beredskapskontaktane. Vi ser difor gjerne at rådmenn, ordførarar eller andre relevante deltek på samlinga.

Påmelding skjer via våre heimesider under «Kurs og konferansar», eller ved å gå direkte til: <https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Kurs-og-konferansar/Beredskapssamling-pa-Voss-2728-oktober/>

**Frist for påmelding er 10. oktober 2016. OBS: Vi gjer merksam på at påmeldinga er bindande og at «no show» vil verte fakturert fullt ut.**

Då Fylkesmannen ikkje har midlar til å dekkje heile samlinga, vil det bli fakturert ein eigendel i etterkant. Eigenandelen vil ikkje overskride 3 500 kr per deltakar.

Eventuelle spørsmål kan rettast til Mads Munkejord på tlf. 55 57 23 83, eller e-post: [fmhommel@fylkesmannen.no](mailto:fmhommel@fylkesmannen.no)

Med helsing

Arve Meidell  
fylkesberedskapssjef

Mads Munkejord  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

- Program for fagsamlinga